Fra: Thomas Bjørkeland [Thomas.Bjorkeland@sjofartsmuseum.no]
Til: fmsfpost@fylkesmannen.no [fmsfpost@fylkesmannen.no]; Postmottak Sentraladm [Postmottak.Sentraladm@sfj.no]
Kopi: Birgit Tansøy [Birgit.Tansoy@sfj.no]; Karoline Hareide Breivik [Karoline.Hareide.Breivik@sfj.no]
Sendt: 23.02.2018 11:26:27
Emne: Vedr. Melding om oppstart av verneprosess for to marine verneområde: Stad og Dalsfjorden
Vedlegg:

Vedr. Melding om oppstart av verneprosess for to marine verneområde: Stad og Dalsfjorden. Forholdet til marine kulturminne.

Me viser til e-post motteke 15.02.2018.

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Museet kjenner til marine kulturminne innanfor begge dei planlagde områda ved Stad i Selje kommune og Dalsfjorden i Gaular, Fjaler og Askvoll kommunar. Me stiller oss positive til forslaget om marine verneområde og dei effektane dette vil ha på dei marine natur- og kulturmiljø i områda. Medan dei føreslåtte verneforskriftene ikkje hindrar tiltak i områda blir det fortsatt aktuelt for museet å utføre fleire registreringar i områda i forbindelse med planarbeid eller tiltak i framtida.

Museet har ingen andre merknader til dei planlagde tiltaka.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Venleg helsing

for STIFTELSEN BERGENS SJøFARTSMUSEUM

Thomas Bjørkeland
Marinarkeolog
55549611
E-postadresse: marinarkeologi@bsj.uib.no